



DEN NORSKE KYRKJA
Nes sokneråd 2006-2009

lok 328

Kultur- og kyrkjedep.	
Saksnr. 200800738	Dato 5.9.08
Kode Ki-501	

Boks 93
6866 GAUPNE
Tlf: 57685639
Faks: 57685646
Gaupne 03.09.2008

Kultur- og kyrkjedepartementet,
Kyrkjeavdelinga,
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

HØYRING – ”STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KYRKJE”

Nes sokneråd vil klaga over den korte fristen for denne høyringa. Soknerådet hadde saka føre i møte 03.09.08. og gjorde slik vedtak:

Nes sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane.

Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvala. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Nes sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av innstillinga, er ein **klar** føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Nes sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.

For Nes sokneråd

Marit Bøen

Marit Bøen,
kyrkjelydssekretær.